



## Referat frå styremøte i Radøy idrettsråd:

Onsdag 24.10.2018 kl 1800 i kommunehuset, Skageneset

Desse møtte: Bjørn Ove Myking, Odd Helge Hagen og Olav Steinar Namtvedt

Forfall: Tanja Smeding, Tanja Thomassen og Øystein Dalland

### Sakliste:

1. Leigeprisar for halltid i Radøyhallen. Uttale
2. Budsjett 2019 RK. Innspel
- 3 . Moderniseringsprosjekt NIF
- 4 .Eventuelt

Under sak 4 vart referert frå planlegging av Treningskontaktkurset

### Sak 1: Leigeprisar for halltid i Radøyhallen – Uttale

Idrettsrådet syner til saksframlegg oversendt frå Radøy kommune til uttale.

Idrettsrådet er godt nøgd med at kommunen innfører gratis leige for aktivitetar for born og unge (0-19 år).

Skytebana er ikkje omtala og idrettsrådet ber om at deira avtale vert sett på.

### Vedtak:

1. Radøy Idrettsråd har ikkje merknader til framlegg til leigeprisar i Radøyhallen for born og unge (0-19 år)
2. Idrettsrådet ber om at kommunen vurderer skyttarlaget sin avtale når det gjeld aktivitet for born og unge (0-19 år)

### Sak 2: Budsjett for Radøy kommune 2019

Innspel frå Radøy idrettsråd til budsjett for Radøy kommune 2019

- Til dei ymse postane:
  - **Driftsmidlar (Kulturmidlar):** Aktivitetsnivået er aukande og det er fleire aktivitetar. **Idrettsrådet ber om at posten vert auka med 10%.**
  - **Vedlikehald - Tilskot.** Posten vart auka med 100.000,- i 2018, noko RIR er svært nøgd med. Det er framleis eit stykke opp til våre nabokommunar, og

Radøy idrettsråd vil såleis be om at denne posten vert auka monaleg, slik at me kjem på same nivå. **Tilrådd auke for 2019: 100 000.**

- **Radøy idrettsråd sitt arbeid: Det er mange oppgåver både innan kommunen og når det gjeld ny kommune frå 2020. Idrettsrådet ber om at det vert sett av 10 000 på ein eigen post**

### **Sak 3: Moderniseringsprosjekt NIF**

Radøy Idrettsråd har sett på dei 3 Modellar som er gjort framlegg om til organisering av norsk idrett, og som no er ute til høyring.

#### **Uttale:**

Innleiingsvis vil me understreka at Hordaland Idrettskrets yter både god og relevant hjelp i samband med vårt arbeid i Radøy Idrettsråd.

**Når det gjeld organisering, vil Radøy Idrettsråd rå til Modell 1, men med fylgjande endring:**

**Idrettsrådet sine grenser må fylgja kommunegrensene.**

Grunngjeving:

Idrettsrådet vil fungera best om det har ein (1) kommune å forhalda seg til. Eitt idrettsråd som får ansvar for fleire kommunar vil kunna møta både ulik praksis og ulike ordningar i kommunane, noko som vil kunna skapa store vanskar.

Samarbeidsavtalane mellom idrettsråd og kommune er avgjerande for godt samarbeid, og det må ikkje leggjast opp til ei organisering der idrettsrådet kan møta ulike avtalar mellom idrettsrådet og dei einskilde kommunene dei skal fungera i.

### **Sak 4 Eventuelt**

- **Treningskontaktkurs**

- Planlagt 03.12. 2018, 19,20/1 og 02,03/2. 2019
- Informasjonsmøte primo november
- Idrettslaga må marknadsføra kurset
- Kurset er sponsa med kr 2.000,-
- Fordeling av oppgåver under kurset vert å komma attende til. Idrettsrådet vil stilla med hjelparar
- Kva med stjernelag - aktivitetar for rørslehemma - i Radøy? Idrettsrådet ber idrettslaga drøfta denne saka og komma med ei attendemelding til idrettsrådet

Olav Steinar Namtvedt, skrivar

